



Rolf Theil er ny spaltist

– Eg oppdaga nynorsk på ungdomsskulen, så i år har eg 60-årsjubileum som målmann, seier språkprofessoren frå Grenland.

SIDE 12–13



Aasbrenn gjev seg som leiari

– Det har vore eit eventyr, seier den avtroppande leiaren. Men noko er han klar for å verte ferdig med.

SIDE 18–21



Ålesund etter stormen

– Eg håpar vedtaket gjer folk meir språkmedvitne, for nynorsk står ikkje spesielt sterkt på Sunnmøre, meiner leiaren i Borgund Mållag.

SIDE 4–7

Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 2

mars 2020

Vil betre kåra for nynorsk-elevane

– Det er ikkje bra at lærarstudentar går gjennom lærarutdanninga utan å få undervisning i nynorsk, meiner kunnskapsminister Guri Melby.

SIDE 15–17



Foto: Liv Aarberg

Å ta ein for laget

NT «Det er ikkje fire småkommunar som har avgjort målforma i nye Ålesund kommune, det er det nye vi-et.» Orda er ordførar i Ålesund Eva Vinje Aurdal sine.

NT Stort betre kan ein ikkje svare på den innbitte lokale motstanden mot at Ålesund skulle bli ein del av ein nynorskkommune. Men orda til Aurdal har verdi langt utanfor Sunnmøre. Dei er ei påminning til heile ny-Noreg om at vi må gjere meir enn å telje når vi skal gjere vedtak om språk. Alle som kjempar for administrative vedtak i favør av nynorsk, vil møte motstand. Kanskje ikkje så sterk som den Aurdal har møtt, men motstand vil det like fullt bli.

NT Då gjeld det å hugse på kor mange gonger nynorskbrukarane har gjeve seg i møte med bokmålet – både før og no. Innflyttarane frå sunnmørsbygdene har gjeve svært god drahjelp til Ålesund sin identitet som bokmålscommune. Det same finn vi døme på tallause stadear i landet, også i hovudstaden.

NT Eva Vinje Aurdal legg ikkje skjal på at nynorskvedtaket i nye Ålesund er «å ta ein for laget». Gjennom eit nynorskvedtak i ein ganske stor by, lyftar vi nynorsk nasjonalt, meiner ho. Det er det ikkje tvil om, og lokalsamfunnet treng i grunnen ikkje vere særleg stort for at eit nynorskvedtak skal vere meir enn eit lokalt spørsmål. Kva ein gjer i Sunndal, i Seljord, på Bryne eller på Vinstra handlar ikkje om desse stadene aleine. Gjennom å vise vilje til nynorsk lokalt fortel vi nasjonale styresmakter, andre lokalsamfunn og omverda generelt at vi vil at nynorsk skal vere eit levedyktig brukspråk. Det kan bli viktigare enn vi anar.

ASTRID MARIE GROV

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO

Redaktør: Astrid Marie Grov,
astrid.grov@nm.no,
tlf. 23 00 29 32

I redaksjonen:
Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun Skjervøy, Språksmia AS
smia@spraksmia.no



Prinsippa og d

NT LEIARTEIGEN



MAGNE AASBRENN
leiari i Noregs Mållag

I DEI SISTE TO ÅRA har Noregs Mållag køyrt eit ordskifte i organisasjonen med mål om at vi skal vedta eit nytt prinsippsprogram som avløyser det vi har frå 1997. I denne prosessen har seminar vore skipa i Oslo, Bergen og Trondheim. I tillegg har prinsippa vore på agendaen på nett, i podcast og i mange små og store møte.

Når eg har budd meg på å halde innleiing om dette temaet, har eg leita etter gode illustrasjonar til skjermen bak meg. Det har ikkje vore lett. Korleis illustrerer ein eigentleg eit prinsipp? Målungdommen nyttar det gode norske ordet «tuft», som altså tyder grunnen der ein skal bygge. Oppå tufta skal det da etter metaforen byggast eit hus – det nynorske huset (for å vere farleg nær noko Thorbjørn Jagland lanserte ein gong).

DET EG HAR enda opp med på mine ferdar med PC og prinsippsprogram i ryggsekken, er ein illustrasjon frå eit hageutstyrssirma. Fotografiet viser ei rettesnor. Altså den snora hagebrukaren spenner opp mellom to pinnar for å ha ei rett linje å så etter, slik at til dømes salathovuda kjem opp pent på rekke og rad. Det synest eg er eit godt bilet: Prinsippsprogrammet peikar ut retninga vi vil at Noregs Mållag sine aktivitetar skal ta, men definerer ikkje dei konkrete aktivitetane i seg sjølv.

Etter møte og seminar, nemndhandsaming, høyring, ny nemndhandsaming og til slutt éin runde i styret får landsmøtet – når koronaen tillet oss å halde det – eit framlegg lagt framfor seg. Alt arbeidet skal munne ut i ein tekst som får plass på rundt éi A4-side.

KVA VEG PEIKAR så rettesnora for den vidare voksteren i Noregs Mållag? For den overflatiske lesaren er mykje likt frå det førre prinsippsprogrammet.

Nynorsk skal fremjast på alle område, og dialektvern er òg med i den korthogne formålsparagrafen. Dette er stø kurs. Så er Ivar Aasen heidra, og kravet om at nynorsken skal vera eit samfunnsberande språk på lik linje med bokmålet, blir slått fast. Vørðnad for mindretalspråk i landet høyrer med, slik det òg gjorde i programmet som blei vedtatt i 1997.

SÅ ER DET slik at to nye element i 2020-programmet fortel noko om utviklinga i Noreg dei siste 23 åra. Det første elementet er at bruk av engelsk har blitt mykje meir vanleg på domene som tidlegare var heilnorske. I det nye framlegget er utfordringa frå engelsk nemnd direkte. Å vera eit samfunnsberande språk inneber at språket skal nyttast «også på områda der engelsk er i ferd med å ta over», står det.

Den andre nye elementet er digitaliseringa. Internett og skjermbruk har endra alle føresetnader for lovverk, utdanning og informasjonsspreiing i samfunnet. Det er ikkje lengre slik at målfolk snokar rundt på det lokale likningskontoret og skriv brev til lokalavisa om ikkje alle papirskjemja i publikumshyllene ligg føre på både nynorsk og bokmål. Nå er det i dei digitale versjonane vi skal sjekke at det er jamstilling – i alt frå pdf-ar til læremiddel og appar produserte av offentleg eigde firma og institusjonar.

UTSETT. KJEM STERKT TILBAKE.

DET MØTE 2020 24.–26. APRIL

et praktiske

Det overordna prinsippet er likevel det same som i 1997: Staten har ansvar for å trygge og styrke nynorsken.

SÅ VEIT VI at om rettesnora er strekt aldri så stram og rak, så kjem det ikkje ei einaste grønsak opp om ikkje det blir sådd og vatna langsmed ho og det blir passe mykje solskin. Her peikar metaforen på den praktiske delen av hagebruket, og da veit hagebrukarar at mykje av det som faktisk veks opp, lett kan bli ymst om ein har aldri så gode intensjonar. Og det er ikkje alt ein kan ha kontroll på. Det er særstakleg i desse tider. Kven trudde vinteren 2010 at ein vulkan på Island skulle få innverknad på avviklinga av landsmøtet til Noregs Mållag den våren? Det skjedde fordi flytrafikken blei lamma.

VÅREN 2020 HAR ei sjuk flaggermus på ein marknad i Kina gjort at det blir umogeleg å skipe eit fysisk landsmøte i april.

Prinsippa vi vedtar, peiker vegen vi skal, men ting skjer i verda, og da er det dei tillitsvalde i rørsla som sit med det daglege ansvaret og nokre gonger må ta praktiske avgjerder med svært kort frist. Da er det viktig at gode folk sit i styret, og at landsmøta har vedtatt gode planar som styrker nynorsken og dialektane i Noreg. Det er mykje Noregs Mållag ikkje kan styre: det skjer store demografiske endringar i landet, pengane rår meir og meir, statsrådar skiftar på taburettane, og populistiske bølgjer skyf frå tid til anna inn over kommunar, Storting og styringsverk. Brått kjem ein pandemi. Framtida til nynorsken og Noregs Mållag må handterast i praksis, frå dag til dag og i blant frå time til time.

Derfor håpar eg at landsmøtet 2020 – når den helsepolitiske stoda i landet tillèt det – gir

oss både ei tydeleg rettesnor og eit godt styre til å handtere utfordringane som kjem når prinsipp skal bli praksis.

DETTE ER SISTE leiarteig eg skriv i dette bladet. Eg vil takke for tilliten og har fått frå mållaga i Noreg dei siste fire åra og for alle ugloymelege møte land og strand rundt. Det har verkeleg vore ei glede. Prekas!

*Det overordna
prinsippet er li-
kevel det same
som i 1997: Staten
har ansvar for å
trygge og styrke
nynorsken.*

NT SAGT

«Tyst», som betyr tørst på dialekt, er en spesialbutikk for øl og andre drikkevarer.

*Gudbrandsdølen Dagningen
viser stor tru
på språkkunnskapane
til gudbrandsdølane*

På absolutt alle andre områder betraktes kompetanse som noe positivt. Vi beundrer folk som kan noe. Men når det kommer til nynorsk, er det aktverdig å ikke kunne noe, men late som om en er stokk dum og verken kan eller vil lære. En koketterer i stedet med å være kunnskapsløs!

@davywathne på Twitter

Kunne velge mellom nynorsk og bokmålversjon, og med og uten Gud. Følte svaret åpenbarte seg selv.

*Kultur- og likestillingsminister
Abid Raja på Facebook
om kvifor han valde
å avleggje statsrådeiden
på nynorsk og for Gud*

Det er ei ugjerd at offentlege arbeidsstader hev sine nynorskkrivarar som tek denne oppgåva, medan dei hine sviv rundt i bokmålsheimen.

*Frå Høgnorskringen
sitt høyringssvar om språklova*

Med Nynorsk Raudvin på kartong kan dei som skriv bokmål til dagleg lære seg nokre nye nynorske ord medan dei nippar til eit glas raudvin [...] – Så om du ikkje er nynorskbrukar sjølv kan det vere lurt å gjere Nynorsk Raudvin til din obligatoriske sidevin.

*Geir Eikeland i Excellars (i 2013)
– attgjeve i Morgenbladet*

En meget fin og snill papegøy gis bort.

Ca. 4 år gammel, snakker greit, men husk, denne snakker Venndølsk.
«Ein, To, Tri» er 1-2-3.
«Kjeme du» betyr kommer du,
«Å ædde mæ dæ» betyr hva er det med deg.

Ordbok kan medfölge.
*Jamaicakjell gjev bort papegøyen
sin på Finn.no*

Jeg har ikke vært borti et land der mennesker skriver sitt eget morsmål så dårlig som i Norge. Det er Språkrådets skyld.

*Hard skyts frå rikssynsar
Sanna Sarromaa i kronikk i VG*

Litt surt at vi som skriv nynorsk ikkje kan tulle med hjemmekontor/gjemmekontor. Vi vert fort avslørte om vi seier vi skal ha gøymekontor.

@kvifor20 på Twitter



Trass mykje rabalder vart **Ålesund** ein nynorskby, og kommuneadministrasjonen har fått ein endra kvardag. Men leiaren i Borgund Mållag meiner det er for få som ser på vedtaket som ein siger.

– Eg synest ikkje nynorsk står spesielt sterkt blant folk flest på Sunnmøre, seier ho.



Etter stormen i

JUGENDBYEN ÅLESUND HAR lange tradisjonar som eit bokmålsreservat midt i det erkenynorske Sunnmøre. Rett nok har det lenge vore nynorske skulekrinsar og nynorskklassar i utkanten av kommunen, og innflytarane frå kommunane rundt har hatt rikeleg med potensial til å setje eit skikkeleg nynorskpreg på byen. Men ingenting av dette har rokka ved biletet av at Ålesund er ein bokmålsby, anten ein snakk om profilering i bybiletet, skulemål eller som administrasjonsspråk i kommunen.

Det som endra alt

1. januar i år skulle det endre seg. Ålesund vart då ein storkommune, slengen saman med dei fire grannekommunane Sandøy, Ørskog, Skodje og Haram. Alle dei andre kommunane hadde nynorsk som administrasjonsspråk, men var til saman langt mindre folkerike enn storebror Ålesund. Alle reie i intensjonsavtalen mellom kommunane frå 2017 vart det likevel slege fast at administrasjonsspråket i den nye kommunen skulle vere nynorsk. Det skulle bli starten på tre år med språkkrangling i nord-vest.

Spaltene i Sunnmørsposten kokte, tillitsvalde for dei tilsette i kommunen var ute i den same avisa og melde at «vi føler det blir påtvunget oss», og ordførar Dag Olav Tennfjord i Skodje endra meining i løpet av valkampen og meinte språknøytralitet er best, likevel. Heilt inn til målstreken var tvilen hijå somme av kommunestyrepresentantane stor, men 15. desember 2019 kunne nynorsktilhengjarane jubile. Då vedtok kommunestyret, rett nok med eit nokså knapt fleirtal, at planane frå intensjonsavtalen skulle bli ein realitet. Sjølv om ordlyden i vedtaket ikkje er krystallklar, går vedtaket langt i å slå fast at administrasjonsspråket i nyekommunen Ålesund er nynorsk, og dermed språket som i hovudsak skal brukast i ekstern kommunikasjon.

– Nynorsk står ikkje sterkt

Lisa Alvestad er leiari i Borgund Mållag og ei av dei som har gjort livet surt for ålesundarar som ikkje ville bli ein del av ein nynorskkommune. Ho er òg kommunestyrepresident for Senterpartiet i Ålesund, og



ETTERLYSER SPRÅKMEDVIT: – *Det er få unge sunnmøringar som ser på nynorsk som ei kampsak, meiner Lisa Alvestad, leiari i Borgund Mållag.*

Foto: Kristoffer Antonsen

har jobba hardt for at nynorskvedtaket skulle kome i hamn. Alvestad er klar på at vedtaket er viktig for posisjonen til nynorsk på Sunnmøre.

– Eg synest ikkje nynorsk står spesielt sterkt her. Eg bur sjølv i gamle Haram kommune, der alle har

nynorsk som opplæringsmål, men eg har ikkje inntrykk av at folk er spesielt opptekne av at det er nynorsk dei lærer. Eg registerer til dømes at det er mange av dei vaksne som skriv bokmål på fritida, sjølv om dei er fødde og oppvaksne her.



nordvest



ENDRA KVARDAG: Kommunikasjonsrådgjevar Ingvild Liadal synest overgangen til nynorsk administrasjonsspråk har vore heftig.

Foto: privat

Lisa Alvestad meiner det norske samfunnet er blitt meir språktolerant, men at sunnmøringane heng litt etter.

– Vi har absolutt representantar som er opptekne av kultur og forsvaretarar av nynorsk på Sunnmøre, men diverre synest eg få av dei unge

ser på nynorsk som ei kampsak. Eg kan for så vidt kjenne meg litt att i det sjølv, for eg var mellom dei som skifta til bokmål då eg tok til på vidaregåande skule i Ålesund. Eg håpar dette vedtaket kan vere med på å lyfte nynorsk og gjere det meir akseptert over heile Sunnmøre.



Språksaka har i større grad vore tema i avisspaltene og i sosiale medium enn den daglege samtalet, meiner Lisa Alvestad. Ho vil likevel ikkje kritisere sunnmøringane for å mangle nynorskengasjement.

– Det er jo litt av oppgåva til mållaget å skape engasjement rundt språksaka. Så eg meiner vi må ta folk som dei er. Alt i alt synest eg heile prosessen har vore spennande å vere med på, òg trass den motstanden som har kome.

Lisa Alvestad og meiningsfeliane hennar har vore opptekne av at kommuneadministrasjonen må få tid til å omstille seg til vedtaket. Det meiner ho dei har lykkast med.

– Vi har åtvara folk mot å ta i bruk raudpennen mot tekstane frå kommunen, og eg er veldig glad for at det ikkje skjer. Alt i alt synest eg dei tilsette har gjort ein kjempejobb.

– Har vore ganske heftig

Politikarane har vedteke nynorsk, men det er først og fremst andre som skal setje vedtaket ut i livet. Språkvedtaket får unngåeleg konsekvensar for arbeidskvarden til

dei tilsette, først og fremst i kommunedeladministrasjonen. Mange av dei er ålesundarar og har ikkje skrive nynorsk sidan sidemålsundervisninga på vidaregåande. Så kva gjer ein kommuneadministrasjon som må børste støv av nynorskunnskapspane i ein fyk og ein fei?

Ingvild Liadal har vore kommunikasjonsrådgjevar i Ålesund kommune i tre år. Som vaskeekte ålesundar med bokmålsbakgrunn fortel ho at det har vore litt av ein overgang å skulle byrje å skrive nynorsk.

– Eg hadde aldri skrive nynorsk sidan vi hadde det i undervisninga i 9. trinn på ungdomsskulen og i fyrste klasse på vidaregåande. Og sjølv om eg bur i Ålesund, synest eg i grunnen ikkje eg ser det så mykje rundt meg at det er til hjelp. Så det har vore ganske heftig, og eg har ofte kjent meg ganske utrygg. Vi kan framleis skrive mykje av intern kommunikasjon på bokmål, men eg vil tru at om lag 30 % av det eg skriv, er på nynorsk.

Liadal skjøna med ein gong vedtaket kom, at ho måtte gjøre ein innsats for å lære seg nynorsk.

– Eg har brukta litt av fritida på å



Det har vore akseptert å snakke nedsetjande om «bo-nespråket» her. Eg ser på språksituasjonen i Ålesund og reaksjonane som har kome, som eit resultat av det som har vore.

**Eva Vinje Aurdal (Ap),
ordførar i Ålesund**

lese barnebøker på nynorsk. I tillegg har leiinga heile tida vore hjelpsam, støttande og optimistisk og mint om at vi er mange i same båt, og at vi kjem til å få til dette. Vi har mellom anna fått god rettleiing om kor vi skal gå for å finne hjelpemiddel, og nynorsk-kurs gjennom jobben.

Det gjeld å ta konsekvensen av at ein ikkje er like sterk i nynorsk som i bokmål i det daglege arbeidet, meiner Liadal.

– No i byrjinga har eg med vilje skrive enkle setningar. Sjølv om vi stort sett får andre til å sjå over tekstan før vi sender dei ut, er det ikkje alltid det blir tid til det. Enkle setningar minimerer då sjansen for feil. I tillegg bidreg det til klarare språk, og det er jo positivt.

Ingen av dei tilsette i kommunikasjonsavdelinga har nynorsk-bakgrunn. Liadal fortel at overgangen har vore like brå for dei alle, og at dei til no har fått hjelpe frå nynorskkunnige i andre avdelingar for å kvalitetssikre tekstan som går ut.

– Eg likar svært dårleg å sende frå meg noko med feil, det handlar jo om profesjonalitet. Så sjølv no, etter nokre månader, kjenner eg meg framleis ikkje trygg nok til å sende noko ut utan at andre har stadfest at det er rett.

Ingvild Liadal meiner ei god leiing er alfa og omega for bokmåls-brukarar som skal byrje å skrive nynorsk i jobben, men at det ikkje finst nokon snarvegar.

– Eg kjenner meg i grunnen like uthygg no som då eg starta å skrive nynorsk. Men eg ser jo at eg kanskje kan vere i overkant sjølvkritisk. Så det kjem seg nok sakte, men sikkert.

Jobbar med ny språkbruksplan

Christine Rørvik er fungerande kommunikasjonssjef i Ålesund kommune. Ho fortel at kommunen har vore nøydd til å gjere nokre grep for å auke nynorskkompetansen.

– Vi har mellom anna nyleg tilsett ein rådgjevar i kommunikasjonsavdelinga med nynorsk-bakgrunn, som skal hjelpe både oss og dei tilsette i andre avdelingar med omsetjing og skriveråd. Sidan ingen i avdelinga har nynorsk-bakgrunn lenger, og ikkje var vane med å bruke det i kvardagen, treng vi den kompetansen.

Kommunen er no i gang med ein språkbruksplan som mellom anna skal avklare nøyaktig kva informasjon som skal vere på nynorsk, seier Rørvik.

– I kjølvatnet av vedtaket har det dukka opp ein del spørsmål blant tilsette om kva type informasjon som skal vere på nynorsk, og kva som framleis skal vere på bokmål. Nokre overordna prinsipp har vi jo, som til dømes at all informasjon på nettsidene skal vere på nynorsk, men det dukkar ofte opp nokre spørsmål i gråsona. Vi treng rett og slett klare rammer for kva som skal vere på nynorsk, som vi òg kan kommunisere overfor innbyggjarane om dei spør eller klagar. For det hender det dei gjer.

I samband med språkbruksplanen held kommunen på å gjennomføre ei kartlegging av nynorsk-kompetansen blant dei tilsette, fortel Rørvik.

– Vi er litt usikre på kva dei tilsette faktisk kan, og difor sender vi no ut ei spørjeundersøking til alle. På den måten får vi vite kva tiltak som kan gje oss den kompetansen vi treng.

Rørvik seier ho har fått nokre reaksjonar frå dei tilsette på overgangen til nynorsk som administrasjonsspråk.

– Reaksjonane har stort sett handla om at folk ikkje kjenner seg trygge, og det er jo ei kjensle ein skal ta på alvor, noko vi mellom anna gjer med den nemnde spørjeundersøkinga. Men med



LAGAR SPRÅKBRUKSPLAN: Fungerande kommunikasjonssjef Christine Rørvik i Ålesund kommune fortel at språkbruksplanen til kommunen etter planen skal vere ferdig til sommaren.

Foto: Ålesund kommune

tanke på at det jobbar om lag 7000 i kommunen, så synest eg ikkje eigentleg det har kome så veldig mange reaksjonar.

Rørvik er nøgd med korleis dei tilsette i kommunikasjonsavdelinga har handtert endringane i arbeidskvartalen, og i motsetnad til kommunikasjonsrådgjevar Ingvild Liadal meiner ho kompetansen har auka.

– Eg er veldig imponert over stå-på-viljen til å få til dette og til-

eigne seg ny kunnskap. Vi ser ei klar betring i både effektivitet og språkferdigheiter når vi har halde på så lenge som no. Det hjelper å trenre så jamt som dei har gjort.

Eit godt samarbeidsklima både i og mellom avdelingane er ein viktig faktor i eit godt språkarbeid, seier Rørvik.

– Sjølv om vi har hatt ein del kursing, er det veldig viktig å bruke kvarandre internt. Før vi fekk den ekstra stillinga, har vi hatt god hjelp



DET NYE VI-ET: – Det er ikkje fire småkommunar som har avgjort skriftspråket i nye Ålesund kommune, det er det nye vi-et, seier Eva Vinje Aurdal. Biletet er frå Haramsøya.

Foto: Øystein Søbye / NN / Samfoto



ORDFØRAR: Eva Vinje Aurdal har heile tida stått fast ved at nye Ålesund skulle bli ein nynorskkommune.

Foto: Per Staale Bugjerde

frå andre avdelingar med å sjå over og lese korrektur på ting. Det har vore viktig når vi sender ut informasjon til fleire tusen tilsette.

Det endra administrasjonsspråket har ikkje kravd veldig mykje ekstra ressursar av kommunen, meiner Christine Rørvik.

– Iallfall no som vi er oppe og går, synest eg i grunnen vi har ein fin flyt på det. Det er klart ein må endre måten ein jobbar på, til dømes gjennom å venje seg til å

bruke ordbøker. Men eg synest vi har vist oss tilpassingsdyktige.

– Det har vore ein storm

Ordførar Eva Vinje Aurdal (Ap) har vore den fremste og mest profilerte forvararen av nynorskvedtaket. Ho var ordførar i gamle Ålesund, slik ho er det i nye. Sjølv om ho har møtt mykje motstand, har ho heile tida stått fast ved at intensjonsavtalen skulle bli ein realitet. Aurdal er klar på at ho har opplevd språkstriden som ein storm.

– Det har vore veldig stor motstand blant innbyggjarane i gamle Ålesund. Sjølv om eg for så vidt hadde venta motstand, er eg nok litt overraska over omfanget. Men det eg er aller mest overraska over, er at det i tillegg har vore ein del openlys motstand blant dei tilsette i kommunen.

Aurdal legg ikkje skjul på at ho meiner utspela frå dei tilsette har vore kjenslestyrte og lite kunnskapsbaserte, og til tider uprosjonelle.

– Sjølv sagt skal tilsette i Ålesund kommune ha lov til å engasjere seg i språkpolitikk på fritida, men eg set spørjeteikn ved rolleforståinga når dei gjer det som tilsette. Mellom anna var verneombodet ute og meinte at dei tilsette ikkje hadde blitt tekne med på råd før vedtaket i kommunestyret. Svaret mitt var då at administrasjonsspråket i Ålesund er ei sak for politikarane, ikkje dei tilsette. Dei skal derimot få vere med i prosessen i etterkant, mellom anna i arbeidet vi no gjer med språkbruksplanen.

Aurdal meiner den politiske opposisjonen i kommunen har skodd seg på motstanden frå dei tilsette.

– Som arbeidarpartipolitikar har eg sete i opposisjon i eit Ålesund styrt av Høgre og Framstegspartiet i mange år. Og eg har aldri sett dei to partia vere så opptekne av vilkåra til dei tilsette som i denne saka.

– Frykta du at språkstriden kunne kome til å koste deg jobben som ordførar i nye Ålesund etter valet i 2019?

– Eg har i allfall blitt presentert som ho som risikerte ordførarjobben for saka. Og det er nok noko i det, for det har vore dei som har meldt seg ut av partiet mitt på grunn av dette. Men frå dei nærmeste tillitsvalde i partiet har eg berre opplevd støtte.

– Skjønar du reaksjonane som har kome på at fire småkommunar skal få avgjere målforma i nye Ålesund?

– Det er ikkje dei som har avgjort det, det er det det nye vi-et som har. Gamle Ålesund har fått med seg både kommunevåpenet og namnet. Nynorskvedtaket er med på å gjøre nyekommunen til noko anna enn det som var. Og dersom ein som meg ønskjer at dei to skriftspråka skal vere reelle og jamstilte alternativ, må ein positivt diskriminere det eine. Eg meiner dette òg handlar om at vi tek vår del av eit nasjonalt ansvar for nynorsk.

Eva Vinje Aurdal kjem frå Stordal på indre Sunnmøre og er såleis innflyttar til Ålesund. Ho meiner dei yngre generasjonane er mindre skeptiske til nynorsk enn dei eldre.

– Ålesund har, kanskje i motsetnad til ein del andre norske byar, fyrst og fremst vakse grunna tilflytting frå bygdene rundt. Og det er innflyttarane som har tilpassa seg borgarskapstradisjonen, ikkje omvendt. Det har vore akseptert å snakke nedsettande om «bonespråket» her. Eg ser på språksituasjonen i Ålesund og reaksjonane som har kome, som eit resultat av det som har vore. For dei yngre generasjonane er ikkje det gamle spenningsforholdet mellom by og land det same, og eg har god tru på at den kulturelle kløfta mellom Ålesund og resten av Sunnmøre er i ferd med å forsvinne.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no

Edvard Arnt Hoem vart i februar utnemnd til kommandør av St. Olavs orden i Aschehoug-villaen i Oslo. Både familie, venner og kollegaer var møtte fram for å heidre forfattaren.

Utnemnd til kommandør av St. Olavs orden

– **DET KOM** som ei overrasking då eg fekk vite at eg skulle få utnemninga. Eg går ut frå at eg først og fremst får ho for litteraturen min, sa Hoem til Nynorsk pressekontor rett i forkant av utnemninga. Då hadde han ikkje lese grunngivinga frå Ordensrådet, som deler ut prisen.

Har fått nynorsken ut til alle

– Med litterær kvalitet og engasjement som verkemiddel har Hoem som forfattar og samfunnsdebat-

tant brote ned mange fastlåste haldningar mot nynorsk. Hoem har vist verdien av ein språkdelat norsk kultur og vist at nynorsk ikkje er til hinder for å nå ut til eit breitt publikum, sa kansellisjef Mette Tverli då ho utnemnde Hoem.

Tverli peika òg på at juryen i grunngivinga si legg Hoems skildring av menneske til grunn for utnemninga.

– Hoem har skrive uforgløyemlege portrett av menneske og deira liv og virke. Han har ei eiga evne til

å skildre gleda og slitet i alle typar arbeid. Han utforskar sosiale klassar og viser nyansar i ulike menneske, sa ho.

Kritisk til forskjellssamfunnet

Hoem sjølv skildra livet og forfatatarskapen sin som ei eventyrlig reise, då han tok imot utnemninga.

– Eg har vore med på ei eventyrlig reise. Frå det førmoderne samfunnet der hesten var den viktigaste trekrafta og fram til det postmoderne samfunnet kor eg dagleg kan kommunisere med menneske over heile jorda, sa han i talen sin.

– Eg har fått oppleve alt eit menneske kan forlange for å ha levd eit rikt og godt liv, sa han.

I talen nytta òg Hoem høvet til å kritisere Europa for måten flyktningar blir behandla på i nyare tid.

– Det har vore mykje snakk om det som ein kallar norske verdiar. Dei verdiar eg identifiserer meg med, er ikkje spesielt norske. At alle menneske er født like, var ikkje ein tanke som oppstod her. Det er djupt nedslåande at Europa ikkje klarer å hindre at millionar av menneske stadig er på flukt, og at dei bur i leiar med dei mest nedverdigande forhold ein kan

tenke seg. Så lenge eg har krefter til det, vil eg vere med å påpeike at dette er ei stor skam for tida vår, sa forfattaren.

Glad i kongehuset

Under utnemninga kom det òg fram at Hoem har stor respekt for det norske kongehuset og det dei står for.

– Eg har hatt mange politiske standpunkt, men det norske kongehuset har alltid hatt betydning for meg. Derfor tar eg imot utnemninga med glede, seier Hoem til Nynorsk pressekontor.

Også i talen sin peika forfattaren på kva kongehuset har hatt å seie.

– Gjennom ulike tidsepokar har eg sett kor ung og skjort det norske demokratiet er. Eg har alltid tenkt at eit lite samfunn som det norske må ha ein høvding. Og lenge før, men særleg under arbeidet med biografien om Bjørnstjerne Bjørnson, gjekk det opp for meg kor avgjerrande kongehuset har vore for den historiske utviklinga i landet vårt frå 1905 til i dag. Derfor vil eg gjennom representanten frå ordenskanselliet rette mi største takk til Hans majestet Kong Harald for denne store æra som er gitt meg til del, sa Hoem.

NPK

Dei verdiar eg identifiserer meg med, er ikkje spesielt norske. At alle menneske er født like, var ikkje ein tanke som oppstod her.

Edvard Hoem

Merkeleg prioritering

Noregs Mållag bør prioritere annleis, meiner **Knut O. Dale**.

Mållagsleiar Magne Aasbrenn svarar.

NT NYNORSK

Landsmøtet i Noregs Mållag skal i april vedta nytt prinsipprogram. I prosessen fram mot nytt prinsipprogram har leiinga i mållaget skipa til tre ulike seminar, eit i Oslo, eit i Trondheim og eit i Bergen. Eg var på seminaret i Oslo der det var innleiingar av m.a. Kristin Fridtun og Marit Aakre Tennø.

Innleiinga til Fridtun vart raskt lagt ut på heimesida til Noregs Mållag, men det vart ikkje innleiinga til Tennø.

Tennø er tilsett i Noregs Mållag. Tre gonger har eg difor vendt meg til leiaren i Noregs Mållag Magne Aasbrenn for å etterlysa ei publisering av Tennø-foredraget.

Men svaret hans var jamt at Tennø hadde det så travelt at ho ikkje hadde tid til å reinskriva manuset.

Innleiinga til Marit Aakre Tennø i Oslo 21.september 2019 inneheldt viktige moment. Av den grunn meiner eg at leiinga i NM skulle ha rydda tid for Tennø så ho fekk skrive

ut innleiinga på same måten som ho fekk tid til å skriva ut innleiinga ho heldt på seminaret på Lillehammer sist vinter. Den innleiinga er lagd ut på heimesida til Noregs Mållag med overskrifta: Nynorsken i Innlandet og regionreforma.

Helga 21.–22. mars har Hordaland Mållag årsmøte, og på seminaret på laurdagen innleier Marit Aakre Tennø om nynorsken sin plass i Vestland fylke og om det nye prinsipprogrammet til Noregs Mållag.

Eg tykkjer det er merkeleg at Tennø har tid til å førebu og halda to innleiingar i Bergen 21.mars, medan ho ikkje har hatt tid til å reinskriva innleiinga

på prinsipprogramseminaret i Oslo.

Dette må vera ei feilprioritering for prinsipprogramsaka er utan tvil den viktigaste saka på landsmøtet på Sola siste helga i april.

Eg deltok på Voldaseminaret 27.02.–01.03.70. I framhaldet av seminaret gav Samlaget ut boka *Mål og makt* redigert av Jan Askelund. I boka finn me m.a. ein artikkel av Gunnar Skirbekk med tittelen: Språk og økonomi. Innleiinga til Skirbekk på Voldaseminaret i 1970 vart publisert. Slik meiner eg at det òg må vera med innleiinga til Tennø på Osloseminaret hausten 2019.

Knut O. Dale



Svar frå Noregs Mållag

Om prioriteringane på skrivarstova hausten 2019

Eg var sjølv på prinsippseminaret i Oslo 21. september og er einig med Knut O. Dale i at Marit Aakre Tennø heldt eit svært godt innlegg der. Slik det heldigvis er med mange av innlegga tilskipingane våre, så følgde ikkje innlegget den dagen slavisk eit manuskript. Dermed inneber det eit større arbeid å skrive det ned i manuskript-form i ettertid. Eg tar ansvar for at ikkje dette blei prioritert i ei tid da politisk rådgivar Aakre

Tennø, styret og skrivarstova var svært opptatte med å gi respons frå Noregs Mållag i ymse høyringar i Stortinget og andre stader. Denne hausten har vi arbeidd med arkivlovhøyring, språklovhøyring, statsbudsjett-høyring og eksamensordningsutval. Vi har arbeidd med å innføre språkbruksplanar i dei nyvalde fylka og dei samanslårte kommunane, vi har drive lobbyverksemeld rundt den nye læreplanen, arbeidd for at nye Ålesund skulle bli nynorskby og for å få språkdelte ungdomsskule inn på 2021-budsjettet.

I tillegg har vi hatt eit tjuetal medieutspel. Vi lykkast ikkje å få gjennomslag i alt, men medlemmene skal vite at vi verkeleg har prøvd, og at dei tilsette på skrivarstova er slik skrudd saman at når det verkeleg brenn, så ser dei ikkje på klokka og seier at nå er kontortida slutt.

Som leiar står eg inne for at slikt som dette blei prioritert framfor å gjenskape eit skriftleg manuskript av eit føredrag som hadde vore halde 21. september.

Magne Aasbrenn,
leiar i Noregs Mållag

Fryktar iPad i skulen gir dårligare nynorskkarakterar

iPadar utan stavekontroll på nynorsk bekymrar lærarar ved Vennesla ungdomsskule.

– Det viser seg at iPad ikkje har stavekontroll på nynorsk og at elevane sine innleveringar, tentamenar og prøver kan få dårligare resultat enn dei har fortent, seier Merete Aasemoen Aardal, som er hovudtillitsvald for Utdanningsforbundet.

Det var *Vennesla Tidende* som først omtalte saka.

Aardal meiner dette er ein uheldig situasjon, som i verste fall kan gå utover elevane sitt karaktersnitt og eksamsresultat og såleis påverke opptaket til vidaregåande skule.

I dag må først elevane skrive teksten på iPaden, deretter kopiere teksten inn i onlineversjonen av retteprogrammet for ein stavesjekk, for så å lime den retta versjonen inn på iPaden igjen, skriv utdanningsnytt.no.

Dei tillitsvalde i Utdanningsforbundet meiner dette er for tungvint og skapar situasjonar der det lett kan skje ein feil. Dei trur også det kan bli ein stressfaktor for elevane under eksamen.

NPK

Vil at Visit Norway skal bruke nynorsk

Visit Norway held nynorsk på ei armlengds avstand, meiner målagsleiar **Magne Aasbrenn**.

Marknadsføringselskapet Visit Norway driv med marknadsføring av turist-Noreg for å få fleire til å leggje feriereisa til eige land.

– Sidan Visit Norway er eigd av staten via Næringsdepartementet og Innovasjon Noreg, bør vi kunne forvente at det vert reklamert både på bokmål og nynorsk. I dag brukar Visit Norway bokmål, seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag.

I 2017 lova Visit Norway «å sjå på saka så snart som mogleg» om dei skulle ta i bruk nynorsk, utan at det har skjedd noka særleg betring.

– Mitt inntrykk er at Visit Norway vil halde nynorsk på ei armlengds avstand, og at dei i praksis ser på «norsk» som eigenleg berre bokmål. Dei tar ikkje omsyn til at mange av dei mest kjende reisemåla i landet ligg i nynorskområde, i Sognefjorden, Setesdal, Sunnmøre og Telemark, seier Aasbrenn.

Noregs Mållag vil legge dette fram for næringsminister Iselin Nybø om nynorskboikotten frå Visit Norway held fram.

– Visit Norway greier å gi informasjonen sin på 14 andre språk. Da burde det vere innanfor rekkevidde å bruke nynorsk også, meiner Magne Aasbrenn.

NPK

Fire av fem lærarar ved nynorske skular seier at klassen deira må bruka **digitale ressursar på bokmål** minst éin gong i veka – sjølv om dei kunne ønskt dei var på nynorsk.

Nynorske elevar blir tvinga til å bruka bokmål

DETTE KJEM FRAM i ei undersøking i grunnskulen som blei gjennomført av Framtida.no rett før alle skular i landet blei stengde fredag 13. mars. Etter dette har skulane i landet blitt heilt avhengige av ei rekje digitale ressursar og læremiddel.

– Eg har forståing for at det er ein ekstraordinær situasjon no, men det betyr ikkje at nynorskelevarane har mindre behov for opplæring i språket sitt og på språket sitt, seier Gunnhild Skjold, leiar i Norsk Målungdom.

– Mangelen på digitale verktøy, ressursar og læremiddel på nynorsk blir ekstra synleg i desse dagar, seier leiar i Noregs Mållag, Magne Aasbrenn.

– Urovekkande

Det er over 75.000 elevar i grunnskulen med nynorsk som hovudmål

FAKTA

NT Kor ofte bruker klassen din digitale ressursar på bokmål, som du kunne ønskt var på nynorsk?

NT Nesten kvar time: 6 %

NT Kvar dag: 28 %

NT 2–4 gonger i veka: 34 %

NT 1 gong i veka: 14 %

NT Kvar månad: 13 %

NT Sjeldan: 4 %

NT Aldri: 2 %

Kjelde: Spørjeundersøking til 200 grunnskulalar med nynorske elevar.

i Noreg. For første gong på fleire år er det nynorskelevar i alle fylke dette skuleåret.

Målørsla meiner staten må ta meir ansvar for å sikra rettane til nynorskelevarane.

– Me kan ikkje forventa at dette berre løyer seg sjølv. Staten må koma med tiltak. Når fleire kommunar har kjøpt inn Chromebook og iPadar som ikkje fungerer godt nok på nynorsk, så er det tydeleg at språket ikkje har vore med i vurderinga, seier Gunnhild Skjold.

80 prosent av alle lærarane på barnetrinnet svarar at elevane deira bruker anten Chromebook eller iPad på skulen.

Målørsla ønskjer å endra opplæringslova for å sikra nynorskelevarane sin rett til få skriveprogram og andre viktige verktøy på nynorsk.

I undersøkinga kjem det fram at berre kring éin av fem lærarar synest det er litt lett eller veldig lett å ha kontroll på språkinnstillingane til programma og appane til elevmaskinene.

Sjekk språket

Magne Aasbrenn i Noregs Mållag seier stengde skular gjev foreldre betre tid til å sjekka språket i appane og programma borna deira bruker på skulen.

– Me vil oppmora foreldre og elevar til å sjekka om det verkeleg er språkleg jamstilling i skulen.

200 lærarar har svart på undersøkinga som blei gjennomført i starten av mars av Framtida.no og Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar.

SVEIN OLAV LANGÅKER
Framtida.no

Makelaust statistikkprinsipp i NRK

NT JØNNESG

NRKs statistikkføring gjev eit skeivt bilet av kor mykje nynorsk organisasjonen eigentleg brukar, meiner Oddmund Utsparken.

0 % nynorsk, 50 % bokmål og 50 % dialekt vert til 25 % nynorsk og 75 % bokmål i ordseiningane i informasjonsverksemda i NRK.

Dei fleste som les dette, vil vel utbryta: «Nei, noko sånt kan ikkje vera sant! Men dessverre, ein tabell i årsmeldinga frå NRK 1994 stadfestar biletet (sjå illustrasjonen).

Vi ser at i redaksjonar i NRK der det finst null komma null timer nynorskbruk, stig nynorskprosenten til høgder som overstig minstesatsen for språkbruk av «våre to offisielle målformer», når statistikkføringa går etter NRK sitt statistikkprinsipp:

- Musikkredaksjonen hadde kringkasta 3,0 timer bokmål, 8,2 timer dialekt og 0,0 timer nynorsk, og

Petre - målstatistikk

For Petre er det bare registrert målform i 2. halvår 1994

Redaksjon	bokmål	dialekt	nynorsk	sum	nynorsk
	timer	timer	timer	timer	%
Musikkredaksjonen	3,0	8,2	0,0	11,3	36,6
Dagredaksjonen	78,3	65,8	1,9	146,0	23,8
Helgeredaksjonen	23,0	32,0	0,0	55,0	29,1
Oslo-redaksjonen	71,3	46,9	0,9	119,1	20,4
Banneredaksjonen	14,6	8,2	4,0	26,8	30,1
Nyhetsredaksjonen	134,6	0,7	25,2	160,4	15,9
Sport	170,3	0,9	0,9	172,0	0,8
Andre	0,1	0,0	0,0	0,2	20,0
Sum 1994	495,1	162,7	32,7	690,7	16,5

Merk: I denne tabellen er bare sendetid med norsk tale medregnet.

Så langt som mulig, blir effektiv taletid registrert.

Før prosentberegningen blir dialekt fordelt likt mellom bokmål og nynorsk.



INGER JOHANNE RUSET
leiar i Kringkastingsringen

Foto: Anna Sofie Ekeland Valvatne / Norsk Målungsdom



Me kan ikkje forventa at dette berre løyser seg sjølv. Staten må koma med tiltak.

Gunnhild Skjold,
leiar i Norsk Målungsdom



Foto: Noregs Mållag

– Me vil oppmada foreldre og elevar til å sjekka om det verkeleg er språkleg jamstilling i skulen.

Magne Aasbrenn,
leiar i Noregs Mållag

det gav ein nynorskprosent på 36,6 % med NRK sitt statistikkprinsipp.

• Helgeredaksjonen hadde kringkasta 23,0 timer bokmål, 32,0 timer dialekt og 0,0 timer nynorsk, og det gav ein nynorskprosent på 29,1 % med NRK sitt statistikkprinsipp.

Då Odels- og Lagtinget i 1996 endra på vedtekten for NRK AS, vedtok dei samstundes ein målparagraf som vart punkt 6 i føremålspararafen for sel-skapet:

«Fremme bruk og respekt for norsk språk og passe på at våre to offisielle målformer er representert med minst 25 prosent av ordsendingene i radio, fjernsyn og NRKs informasjonsvirksomhet» (Innst. O. nr. 16 – 1995–96).

Fleirtalsrepresentanten Hallgrím Berg (H) sa dette i

odelstingsdebatten om innstillinga:

«Det er viktig å streka under at ingen av målformene skal ha mindre enn 25 prosent av ordsendingane i radio og fjernsyn. Det er nemleg noko anna enn sendingane. Like eins er det bra at NRK også i si utovervende verksemrd, t.d. gjennom skriftleg informasjon, pressearbeid, pressekontakt, annonsering osv., tek sitt språklege allmen-nansvar alvorleg.»

Men eg har ikkje funne nokon språkstatistikk om NRK si «utovervende verksemrd» som er noko anna enn sendingane.

I år blir det eit kvart hundreår sidan Odels- og Lagtinget vedtok denne minstebruken av «våre to offisielle målformer» i NRK. For folk flest er slike vedtak noko ein skal retta seg etter. Men for NRK ser det litt annleis ut. Om nynorsk heiter det framleis mellom anna i årsrapporten 2016:

«NRK hadde i 2016 eit snitt på 23 prosent nynorsk for alle platt-former. Mengda nynorsk på TV og radio omfattar all normert nynorsk, og halvparten av all munnleg dialektbruk i riks- og distriktsendingar. På NRK.no tel vi publiserte artiklar på normert nynorsk.» «Mengda nynorsk» i det eine tilfellet og «publiserte artiklar» i det andre, les vi. Men tekstmengda må teljast på same måte i begge tilfelle. Dette er då statistikk.

I Norsk Tidend nr. 1 for i år jublar leiaren i Kringkastingsringen over den nye NRK-statistikken og nemner årstalet 1970. Men både ringen og kringkastinga har oversett vedtaka i Odelstinget og Lagtinget i 1995. No er det snart på tide å skeia i ei anna hand.

Oddmund Utskarpen

Media si rolle i krisetid

SOMMAREN 2013 HADDE eg mitt første vikariat i NRK Møre og Romsdal, og var temmeleg fersk i rolla som deskarbeidar. Eg hadde vel ei slags forståing av media sitt ansvar for å informere om hendingar i samfunnet, men det var ikkje før ut på sein-sommaren at eg verkeleg forstod at ansvaret også gjaldt beredskap.

DET VAR I grunnen ei typisk vestlandssak; et stort ras hadde gått over ein veg. Dette raset hadde ført til at ei heil bygd, Todalen på Nordmøre, mista den einaste vegen til omverda. I tillegg mista dei 350 innbyggjarane straumen, noko som gjekk direkte utover helsetilbodet. Fleire av bøndene frykta også for dyra sine.

PÅ KORT TID fekk ein nordmørsk reporter frå NRK teke seg inn til bygda med båt. Han hadde med eit lite aggregat og rigga seg til på ei campinghytte. Frå morgen til kveld i dagevis rapporterte han inn siste nytt til kringkastinga, slik at også innbyggjarane kunne få høre om utviklinga gjennom batteriradioane sine. NRK-reporteren i Todalen blei dermed ein del av beredskapen på staden. Det er ikkje for ingenting at ein batteridriven DAB-radio er på den korte lista av ting Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap meiner alle hushald bør ha til kvar tid.

RASET I TODALEN og den lokale krisa det medførte, er sjølv sagt noko ganske anna enn den globale krisa som koronaviruset har ført oss alle inn i. Men ei krise er ei krise, anten det gjeld for alle eller det gjeld for få. Informasjonsbehovet er umetteleg frå krisa inntrer, ikkje berre for sensasjonslysta sin del, men fordi det har praktisk verdi for alle involverte.

I DAGENS VERD kan dei fleste ta på seg rolla som nyhetsformidlarar i krisetid. Dei vippar berre opp mobilkameraet og kjem med sine observasjonar og innspel i sosiale medium. Det har vi sett mange og gode døme på i til dømes krigsområde som akkrediterte journalistar har mista tilgangen til. Det er likefullt ein fare med det. Fal-ske nyheter florerer, og det kan vere vanskeleg sjølv for dei med gode intensjonar å skaffe seg eit overblikk. Dei profesjonelle mediehusa har, og vil framleis ha, ei viktig rolle i å filtrere informasjonen som går ut til allmenta. Like eins er lokaljournalistane enormt viktige med sin lokale kompetanse og raske nærvær. I Todalen var til dømes også nettavis Todalen.no ei viktig kjelde til informasjon - både for innbyggjarane og andre media.

DETTE ER IKKJE tida for nedskjeringar i distriktsredaksjonane. Krisa er ikkje over enno.

Frå og med dette nummeret tek **Rolf Theil** over spalta på baksida av Norsk Tidend. Theil er professor emeritus i allmenn og afrikansk lingvistikk ved Universitetet i Oslo, og knapt nokon kan meir om fleire språk enn han – anten dei er fjerne eller nære.

Språkprofessor Rolf Theil er ny spaltist

– Eg vart tidleg forelska i nynorsken

ROLF THEIL VOKS OPP i ein arbeidarfamilie i Eidanger ved Porsgrunn, men det vart tidleg klart at det ikkje kom til å bli nokon arbeidar av han. Theil fatta alt som liten gut sterkt interesse for språk. Alle slags språk, på alle slags måtar. Som tilsett ved Universitetet i Oslo i over 40 år har han vore borti imponerande mange av dei nesten 7000 språka i verda. Anten det er kinesisk, gamalegyptisk, det vestafrikanske språket fulfulde, samisk språkhistorie eller språkleg evolusjon – Rolf Theil har jobba med det alt saman. Ein får ikkje tittelen professor i allmenn og afrikansk lingvistikk, med magistergrad i allmenn språkvitskap med kinesisk og samisk som støttefag utan grunn.

– Vekte språkforskaren i meg
Og så var det nynorsk, då. Trass mange spennande språkmøte verda rundt har Rolf lenge vore klar over kva språk som ligg hjarta hans nærest.

– På sett og vis har eg i år 60-årsjubileum som målmann. Eg vokser opp i Grenland, der bokmål er hovudmålet, og eg fekk

ikkje lære nynorsk før hausten 1960, då eg byrja på ungdomsskulen. Sjølv sagt hadde vi på folkeskulen sunge salmar og songar på nynorsk, og det var fine stykke på nynorsk i lesebøkene våre, men på ungdomsskulen fekk vi lære *nynorsk grammatikk*. Då vakna språkforskaren i meg, og då blei eg forelsa i nynorsken. Eg såg at eg kunne den nynorske grammatikken frå før – både hovudreglar og unnatak stemte stort sett med grenlandsmalet. Det forundra meg at læraren vår ikkje nemnde dette, men ho kjende vel ikkje dialekten vår. Eg var einsam med interessa mi, og ikkje før etter examen artium torde eg å gå heilt over til nynorsk.

Som folkemålsaktivist var Rolf Theil lenge aktiv i Landslaget for

språklig samling (LSS) og såg på seg sjølv som samnorskmann.

– Når du veks opp i ein kommune der bokmålet er hovudmål og du ikkje likar dette folkemålsfjerne skriftspråket, kan du gå over til nynorsk eller arbeide for å innføre fleire norske element i bokmålet. Eg gjorde begge delar. Då eg lærte om rettskrivingsreformene i riksmalet/bokmålet, trudde eg i yngre dagar at denne prosessen ville halde fram. Mens eg gjekk på ungdomsskulen og gymnasiet, låg eg på senga om kvelden og leita etter folkemålsformer i bokmålsordboka. Det var mykje fint der, men ikkje nok til å skrive eit konsekvent norsk mål. Det blei eit blandingsmål som ikkje høyrd nokon stad heime. Då eg kom til Oslo som student, melde eg meg straks

inn i både Studentmållaget og studentlaget til Landslaget for Språklig Samling.

– Aasen gjorde jobben

I dag har Rolf Theil funne seg fullt og heilt til rette i målrørsla, fortel han.

– På slutten av 1980-talet stilte eg som LSS-representant på fleire møte med Studentmållaga i Oslo og Trondheim. Dei spurde meg kva det var ved nynorsken som LSS ville endre for å nå fram til eit samnorsk skriftspråk. Eg hugsar ikkje kva eg svara, men eg hugsar godt kva eg tenkte: «Dette har eg ikkje noko svar på!» Eg fann etter kvart ut at eg ikkje hadde noko i LSS å gjøre. Det sat langt inne å melde seg ut av ein organisasjon styrt av gode vener – og sanne vener av norsk folkemål – men eg gjorde det til slutt. Nynorsken er eit så godt skriftspråk for det norske folkemålet at «radikalt bokmål» ikkje trengst. Dei som ønskjer eit norsk alternativ til den dansk-norske språktradisjonen, bør samle seg om nynorsken. Ivar Aasen gjorde jobben.

Sjølv om Theil har vore pensjonist sidan han fylte 70 i 2016,

Nynorsken er eit så godt skriftspråk for det norske folkemålet at «radikalt bokmål» ikkje trengst.

Rolf Theil



Det var språket som gjorde oss til meir enn ein vanleg apeart. Kor mykje av menneskeleg kultur hadde vore mogeleg utan språket?

Rolf Theil

er korkje det språklege engasjementet eller arbeidsgleda borte. Han er aktiv skribent både i Allkunne, Store Norske Leksikon og på Wikipedia og seier også ofte ja til å bidra til eit bokprosjekt eller å halde språklege føredrag når han blir spurt. Mellom anna har han bidrige til å rekonstruere gammalsamisk i serien Beforeigners, som er ei storsatsing frå det amerikanske strøymeselskapet HBO. For Rolf Theil kjem språket alltid til å vere den store liden-skapen som vart ein jobb.

– Det moderne mennesket oppstod i Afrika for fleire hundre tusen år sidan. Då menneska tok til å spreie seg utover jorda for nærmare 100 000 år sidan, hadde dei språket med seg. Kanskje hadde dei berre med seg ei handfull språk frå Afrika. No finst det over 7000, og minst like mange er borte. Kva er det ved mennesket som gjer denne enorme språklege variasjonen mogeleg? Er det likevel ein kjerne av sams drag i alle språk? Det var språket som gjorde oss til meir enn ein vanleg apeart. Kor mykje av menneskeleg kultur hadde vore mogeleg utan språket?

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no

Foto: privat

Landsmøtet til Noregs Mållag som var planlagt på Sola fredag 24. til 26. april, **er avlyst**. Styret gjer framlegg om å gjennomføre det fysiske møtet i oktober.



AVLYST LANDSMØTE: Det blir ikkje landsmøte på Sola i april. Styret innstiller på å gjere dei vedtaka som ikkje kan vente, elektronisk og samlast til fysisk landsmøte i oktober.

Foto: Noregs Mållag

Avlyst landsmøte på Sola

– **DET VAR** med tungt hjarte at styret avlyser landsmøtet på Sola, men når situasjonen er som han er grunna koronaviruset, seier det seg sjølv at vi ikke kunne avhalde eit fysisk landsmøte denne våren, seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag.

– Styret har drøfta saka grundig og innstiller på at landsmøtet i all hovudsak kan flyttast til hausten. Det er viktig at vi møtest, får drøfta politikk, delt ros og ris og peikt ut den politiske kurset for framtida. Alt

dette kan vi gjøre til hausten. Det er likevel eit par saker som ikkje kan vente til dei strenge nasjonale tiltaka vert avslutta: val av nytt styre og godkjenning av ein bankgaranti for adventskalenderen som skaffar laga inntekter om hausten, seier Magne Aasbrenn.

Det har gått ut informasjon til alle laga om styrevevdakket, og i starten av april får alle utsendingane spørsmål om dei kan godkjenne den framgangsmåten styret ynskjer. Framlegget er at

det elektroniske møtet med svar på e-post som røystemetode blir gjennomført 24.–26. april, og at det fysiske møtet blir utsatt til helga 16.–18. oktober på det planlagde landsmøtehotellet på Sola.

Delegatar og sakliste

Det er delegatane som var påmeldte til det ordinære landsmøtet, som kan delta på landsmøtet både i april og i oktober. Styret har sagt at om to tredjedeler av dei som nyttar røysteretten

sin seier ja til framgangsmåten, vert det vedteke. Framlegget er at landsmøtet i april vel nytt styre og vedtek ein lotterigaranti, og at landsmøtet i oktober handsamar andre faste landsmøtesaker, prinsippprogrammet og aktuelle politiske saker. Ny frist for innlasting av saker blir sett til 16. august i tråd med lova. Styret er tydeleg på at ingen av laga skal li økonomisk tap av situasjonen som har oppstått.

HEGE LOTHE
hege.lothe@nm.no

Mange lærarstudentar får ikkje nynorskoplæring

Ein del utdanningsinstitusjonar gjev ikkje lærarar som skal undervisa elevar frå 5. til 10. trinn, undervisning i nynorsk.

MEDAN NORSKUNDERVISNING ER obligatorisk for dei lærarstudentane som skal undervisa elevar frå 1. til 7. klasse, kan lærarar som skal undervisa 5.- til 10.-klassingar, gå gjennom

lærarutdanninga utan norskundervisning i det heile. Førsteamanuensis Eli Anne Eiesland ved Universitetet i Sørøst-Noreg er leiar for Nasjonalt fagorgan for nordisk språk og litteratur og har undersøkt kva praksis dei ulike lærestadene har for å sikra nynorskkompetansen til desse studentane.

Totalt er det 12 utdanningsinstitusjonar som utdanner lærarar frå 5. til 10. trinn. Resultata viser at seks av utdanningsinstitusjonane og

éin lærestad korkje gjennomfører opplæring eller vurdering i sidemålet til studentane, som i dei fleste tilfelle er nynorsk. Dermed kjem desse lærarane ut i skulen med side-målsundervisninga som den einaste nynorskoplæringa dei har fått, trass at det er nedfelt i forskrift at studen-tane skal meistra både bokmål og nynorsk.

Mållagsleiar Magne Aasbrenn meiner funna er urovekkjande.

– Fleire av desse lærarane skal

undervisa elevar med nynorsk som hovudmål. Gjennom å senda lærarar ut i skulen med berre sidemålsundervisning i bagasjen, er det uunn-gåeleg at utdanningsstyresmakten svekkjer læringsvilkåra for nynorsk-elevane. Slik kan det ikkje vera.

Norsk Tidend har bede Nasjonalt fagorgan for kvalitet i utdanninga (NOKUT) om ein kommentar til funna i rapporten frå Eiesland. Det har ikkje lykkast.

KUNNSKAPSMINISTER GURI MELBY:

– Hjarta mitt ligg hos nynorskelevane



– Eg har sjølv sett at dei komande lærarane våre er for dårlege i nynorsk, og det må lærarutdanningane i større grad ta innover seg, seier kunnskapsminister **Guri Melby** (V). Ho meiner lærarane er ein nøkkel til å sikra betre kår for nynorsk i skulen.





SKULEINTERESSERT: Kunnskapsministeren har lenge vore interessert i skulepolitikk. Ho har sjølv undervist både i skulen og på lærarutdanninga.

Foto: Rune Petter Ness

EIN FREDAG MIDT i mars fekk Noreg brått ein ny kunnskapsminister. Det er alltid spennande for målfolket, for det er ikkje til å koma frå at ministerposten er heilt avgjerande for kåra til nynorsk og nynorskbrukarane. Rykta seier at Guri Melby har fått draumejobben, og at ho alltid har vore brennande engasjert i skulepolitikk. I tillegg har ho ein master i nordisk språkvitskap og to års fartstid som tidlegare styreleiar i Språkrådet. Når ho attpå til representerer det tradisjonelt sett svært så nynorskvenlege partiet Venstre, ser Melby i grunnen ut som ein kunnskapsminister målrørla har bestilt.

– Nynorskelevane strevar meir
No for tida handlar jobben til Guri Melby om å losa skulenoreg, det vil seiav svært mange av oss, så trygt som råd gjennom koronakrisa. Men når kvardagen vender tilbake til normalen, for både ministeren og alle oss andre, er det dei skulepolitiske spørsmåla som står for tur. Dei ser Melby fram til å ta fatt på, og ho er klar for å nytt den faglege ballasten sin i møte med dei språkpolitiske spørsmåla i skulen.

– Eg veit ein del om kor viktig språk er, både for oss som samfunn og enkeltindivid. Språk seier så utruleg mykje om oss, og det er noko av det som gjer at eg synest det er så spennande. I tillegg har eg lært ein del om den norske språksituasjonen og kva tiltak som er viktige for å sikra at me greier å ta vare på begge skriftspråka våre.

Forventningane til kunnskapsministeren er store. Det er ikkje nokon løyndom at Noregs Mållag er uroleg for vilkåra til nynorsk gjennom heile opplæringsløpet – heilt ned

til dei aller minste. Norske barnehagebarn er ikkje sikra tilgang til nynorsk i barnehagen. Rammeplan for barnehagar nøyser seg med generelle termar som «språkleg mangfold», og seier ikkje eit ord om at barnehagane skal ta opp den norske språksituasjonen. Det er ei problemstilling Melby vil sjå nærmere på.

– Det er ikkje tvil om at det er viktig at dei minste møter barnelitteratur på både bokmål og nynorsk, så det er eit interessant poeng at dette ikkje blir teke opp i rammeplanen. Men eg vil sjå litt nærmare på korleis det fungerer i praksis, før eg uttalar meg om kva me eventuelt skal gjera.

Når det gjeld skulen, meiner Guri Melby dei største utfordringane for nynorsk ligg hos elevane som har det som hovudmål.

– Hjarta mitt ligg hos nynorskelevane, for dei har mange utfordringar. Det er veldig viktig at me gjer det me kan for at dei skal halda på nynorsken gjennom skulegangen og vaksenlivet. Det er faktorar både i og utanfor skulen som gjer at nynorskelevar strevar meir med hovudmålet sitt enn bokmåselever, til dømes tilgang på lærermiddel og at nynorsk er lite representert i mange lokalsamfunn der det blir undervist i skulen. Så det er viktig at nynorskelevane både lærer språket sitt godt i skulen og møter det mange nok stader i samfunnet elles, til at dei tenker det har ein verdi.

Open for ei tydelegare opplæringslov

Noregs Mållag har vore sterkt kritisk til at utkastet til den nye opplæringslova, som vart lagt fram før jul, ikkje sikrar nynorskelevane betre tilgang til digitale lærermiddel på nynorsk. No ligg



FERSK STATSRÅD: Guri Melby tok over som kunnskapsminister etter Trine Skei Grande 13. mars.

Foto: Kunnskapsdepartementet

framlegget på bordet til Guri Melby, og ho er open for ei tydelegare lov.

– Me må ha eit regelverk som sikrar alle elevar lærermiddel på eiga målform. Eg meiner til dømes det er eit problem at ein del ressursar fell utanfor lærermiddel-definisjonen i lova av i dag. Samtidig kan ikkje regelverket vera så rigid at det hindrar lærarar å ta i bruk viktige og interessante ressursar og kjelder om

dei ikkje finst i begge målformene. Men eg treng meir tid til å setja meg inn i framlegget til ny lov for å sjå kva justeringar me må gjera for å oppnå det me ønskjer. I det arbeidet vil eg gjerne sjå på dei framlegga som Mållaget kjem med.

Guri Melby har tru på at mange av lærermidla som blir utvikla i samanhend med dei nye læreplanane, skal koma på nynorsk.



VIL HA BETRE LÆRARAR: – Alt me gjer for å styrkja lærarutdanninga, vil koma nynorskelevane til gode, meiner Guri Melby.

Foto: Baard Salvesen

– Me opplever at me har god dialog med forlaga, og det bør hjelpe oss til å finna gode løysingar.

Ein må vera open for å gjera særskilte tiltak for å styrkja nynorsk på heile opplæringsfeltet, meiner Melby.

– Me må innsjå at situasjonen for nynorsk og bokmål er veldig ulik. Det kan ein anten jamna ut gjennom lovverk og reguleringar eller økonomisk stimulans. Ein må vurdera i kvart einskilt tilfelle kva verkemiddel som er best eigna.

Guri Melby er klar på at ein del lærarar er så därlege i nynorsk at det påverkar undervisningssituasjonen til nynorskelevane negativt.

– Eg har sjølv jobba i lærarutdanninga og sett at mange studenter ikkje er gode nok i nynorsk. Dei er utrygge, og det fører til at dei unngår å skriva nynorsk. Så lærarutdanningane må innsjå at mange studentar kjem inn med manglande kunnskap, og gje dei den kompetansen dei treng. I tillegg trur eg det vil hjelpe å få heva statusen til lærar yrket og få fleire sterke elevar til å søkja seg inn på lærarutdanninga.

Det er viktig at me har eit regelverk som sikrar alle elevar læremiddel på eiga målform. Eg meiner til dømes det er eit problem at ein del ressursar fell utanfor læremiddeldefinisjonen i lova av i dag.

Guri Melby,
kunnskapsminister

Ein gjennomgang av tilhøva ved norske utdanningsinstitusjonar viser at ein del lærarstudentar som skal undervisa elevar 5.–10. trinn (sjå notis på s. 14 i dette nummeret), ikkje får nynorskoplæring i det heile. Det ønskjer Guri Melby å gjera noko med.

– Det er ikkje bra. Kva me konkret skal gjera med saka, må eg diskutera med kollega Henrik (Asheim, forskings- og høgare utdanningsminister).

– Nye læreplanar kjem til å styrkja nynorsk

Til hausten trer det i kraft nye læreplanar, også i norskfaget. Noregs Mållag har uttrykt uro for at stillinga til nynorsk blir svekt gjennom endringar som gjeld sidemålet, fyrst og fremst felles karakter i bokmål og nynorsk på ungdomsskulen og i vidaregåande og lågare kompetansekrav til elevane i sidemål enn i hovudmål. Guri Melby meiner på si side dei nye læreplanane vil styrkja sidemålet, og ho er ikkje uroleg for at ulike kompetansekrav skal gå utover nynorsk.

– Det er gjort tydelege endringar i favør av sidemålet i læreplanane. Elevane skal møta både bokmål og nynorsk tidlegare enn før, og det er gjort klart at dei skal jobba med skilnadene mellom målformene både etter andre og fjerde trinn. Dei ulike kompetansekrava mellom hovudmål og sidemål meiner eg er ei justering i tråd med den praksisen som har vore i skulen, for i eksamensverdringa har det til dømes blitt praktisert lenge. Eg synest ikkje det er realistisk at fleirtalet av elevane skal bli like gode i sidemål som i hovudmål, og for høge krav kan dessutan skapa därlege haldningar til nynorsk. Kompetansekrava skal uansett framleis vera høge, også i sidemålet, for alle elevar.

Endringane i lærarutdanninga vil bidra til å sikra at sidemålet blir styrkt gjennom dei nye læreplanane – også i praksis, meiner Guri Melby.

– Alt me gjer for å styrkja lærarutdanninga, både knytt til lengda på utdanninga og auka inntakskrav, vil koma nynorsk og nynorskelevane til gode.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no

APRIL 2016



NYVALD LEIAR: Magne Aasbrenn blir klappa inn som leiar på landsmøtet i Bergen i 2016.

Foto: Noregs Mållag

SEPTEMBER 2016



I NORD: På vitjing hos Senjamållaget og leiar Steinar Nymo (t.h.) i lag med skulemålsskrivar Ingar Arnøy.

Foto: Noregs Mållag

Magne Aasbrenn takkar for seg:

— DET HAR VOR

Siste helga i april er det slutt. Då takkar **Magne Aasbrenn** av etter fire år som leiar for Noregs Mållag. – Eg trur det er viktig for legitimiteten til nynorsk at du kan vere leiar i Mållaget og seie ‘jæi’ og ‘ikke’ og vere frå Fredrikstad. Det har organisasjonen vist seg å vere samd i, seier han.

DET KOM NOK overraskande på mange då det i 2016 vart klart at Noregs Mållag skulle leiast av ein østfolding. Hæ, Østfold? Der det korkje har vore ein einaste nynorsk skulekrins eller nynorskkasse nokosinne. Like fullt var det der den unge Magne Aasbrenn, som har budd i den same grenda i Fredrikstad så godt som heile livet, vart målmann. Og såpass til målmann at han var med på skipinga av Østfold Mållag i 1989. Då hadde det ikkje vore organiserat målarbeid i fylket på over 70 år.

Så korleis blir eigentleg ein fyr frå Fredrikstad glødande oppteken av nynorsk? Far eller mor frå nynorskland, tenkjer du kanskje. Men nei, det kan ikkje Magne Aasbrenn skilte med. Han fortel at det var heilt konkrete opplevingar som vekte det språklege engasjementet i han.

Systemet stemte med dialekten

– Gjennom barndomen vart eg titt og ofte opprørt over kor låg status språket vi snakka, hadde. Eg fekk nesten daglege prov på at østfold-dialekten vart sett på som eit språk som berre eigna seg på gata og i revyar. Når folk hadde eit ærend i butikken, la dei om til eit meir bokmålsnært talet. Og det same gjorde damene bak disken, trass i

at dei som regel hadde den same språklege bakgrunnen.

Då Aasbrenn som nyuttanna norsklærar underviste i systemet i nynorsken, vart det ei openberring for han.

– Eg såg at det stemte veldig med østfolddialekten. Det galde særleg bøyingsendingane og pronomentalivisinga. «Jæ likær boka, ho ligger der.» Så eg byrja tidleg å sjå på den skriftlege nynorsken som fagforeininga til dialekten min. Eg har prøvt å skrive radikalt bokmål, men for meg vart det heilt feil. Det radikale bokmålet tek ikkje omsyn til systemet som er i østfoldmålet. Nynorsk er på eit nivå over og høver betre både med dialekten her og dei andre dialekta i landet.

Magne Aasbrenn er utdanna norsklektor og har jobba i den vidaregåande skulen i meir enn 30 år. Med andre ord har han undervist tusenvis av unge østfoldingar i sidemål. Dei strukturelle likspikepane med dialektane har vore innfallsport til nynorsk både for hans eigne elevar og ungdomane han har snakka for i rolla mållagsleiar.

– Fyrst får eg dei til å oppdage systemet i dialekten på heimstaden deira. Ungdomane blir ofte litt overraska over at det finst eit system som dialekttalarane nyttar utan å vere klar over det. Og neste

SEPTEMBER 2016



I AKSJON: Sydvest er godt å ha når det stormar i Stavanger. Her aksjonerer Rogaland Mållag etter at fylkesordføraren i fylket kalla det «unaturleg» at nynorsk skulle vere hovudspråket i eit nytt vestlandsfylke.

Foto: Noregs Mållag

MARS 2017



DER STRIDEN STOD: På årsmøte i Sunnmøre Mållag i 2017. Magne Aasbrenn kalla nynorskvedtaket i nye Ålesund kommune for eit høgdepunkt i karrieren som mållagsleiar.

Maria Moe / Sunnmørsposten

RE EIT EVENTYR



steg då er å forklare korleis det systemet stemmer med systemet i nynorsken. På den måten har eg opplevd at ein del unge folk både set større pris på dialekten sin og tilmed vel å bruke han.

Sjølv om tilhøvet mellom språk og dialekt framleis er viktig for Magne Aasbrenn, fortel han at innstillinga hans til nynorsk har endra seg litt gjennom åra.

– Då eg byrja å skrive nynorsk, var det nok eit behov for å skrive så nært eigen dialekt som råd, som var motivasjonen. No er det meir den ideologiske tilknytinga mellom nynorsk og dialektane som er den viktigaste for meg. «Det går mangt eit menneske og ser seg fritt ikking for Ivar Aasens skuld», som Tarjei Vesaas så treffande har uttrykt det.

Ville gje legitimitet til nynorsken

Aasbrenn vart litt overraska då han vart kontakta av valnemnda i Noregs Mållag våren 2016 og spurt om han ville leie organisasjonen.

– Sjølvsagt vart eg jo gripen av litt ærefrykt, med tanke på at det er mange flinke folk som har hatt

jobben før meg. Men eg såg på det som ei utfordring og syntest det var flott å bli spurd. Reint praktisk hadde eg lang fartstid frå mållagsarbeid i Østfold, som gjorde at eg gjekk litt tryggare inn i rolla. Og ikkje minst la eg vekt på at leiavvervet gav meg sjansen til å bidra til at nynorsken ikkje berre blir eit vestlandsprosjekt.

Aasbrenn fortel at han var svært spent på korleis organisasjonen ville ta imot ein mållmann frå Fredrikstad.

– Eg trur det er viktig for legitimitet til nynorsk at du kan vere leiari i Mållaget og seie 'jæi' og 'ikke' og vere frå Fredrikstad, men eg var litt spent på om vestlendingane ville synest det same. Men der hadde eg slett ikkje noko å frykte. Folk har gjennomgåande sagt at det er så bra at det har kome ein leiari frå Austlandet. Så eg er overraska over kor godt eg har blitt teken imot.

Sjølv om Aasbrenn har hatt dei fleste arbeidsdagane på heimekontoret i Fredrikstad, har det òg blitt farting. Mykje farting. Eit lokallagsårsmøte der, eit ordskifte

HEIME PÅ KJØKENET: Magne Aasbrenn har budd mest heile livet sitt i Fredrikstad. Huset kjøpte han som 24-åring i lag med kona Marit.

Foto: Kjartan Hellev

– Regjeringane i desse fire åra har ikkje – i allfall sett under eitt – hatt som mål å styrke nynorsk. Det ser vi særleg i sidemålssaka.

Magne Aasbrenn

AUGUST 2018



POLITISK BESØK: Politisk påverknad er viktig for ein mållagsleiari. Her er Magne Aasbrenn på besøk hos dåverande kultur- og likestillingsminister Trine Skei Grande i lag med dagleg leiari Gro Morken Endresen.

Foto: Noregs Mållag

der, eit møte med ein ordførar der. Det er ikkje få av lokallagsleiarane i Noregs Mållag som har fått besøk av Magne Aasbrenn, for han er ikkje den som seier nei. Den avtropande mållagsleiaren er rett og er slett veldig glad i folk.

– Noko av det finaste ved denne jobben har vore møtet med folka der ute. Eg har faktisk vore innom i alle dei gamle fylka gjennom dei fire åra eg har vore leiari. Det å få reise rundt, til kvar krik og krok frå sør til nord, og få møte folk som jobbar for og er engasjerte i målsaka, det har vore eit eventyr utan like. Sjølv om det òg er gøy å jobbe for dei politiske sakene våre i hovudstaden, er det ikkje den delen av jobben som har gjort størst inntrykk.

Saknar vilje hjå politikarane

Det er ikkje til å kome frå at politiske gjennomslag er viktig for ein mållagsleiari. Men målarbeid opp mot styresmaktene er sjeldan ein parademarsj, og slik har det heller ikkje vore for Magne Aasbrenn. Noregs Mållag har lenge kjempa for at nynorskelever skal ha rett til å halde fram med å gå i eigne nynorskklassar i ungdomsskulen. Det kostar pengar, og trass lovnaðer om det motsette har ingen av kunnskapsministrane på Magne Aasbrenn si vakt vore villige til å leggje dei på bordet. Aasbrenn trekker fram dette som eit viktig vonbrot i den tida han har vore leiari. Men slett ikkje det einaste.

– Regjeringane i desse fire åra har ikkje – i allfall sett under eitt – hatt som mål å styrke nynorsk. Det ser vi særleg i sidemålssaka. Det er til dømes ikkje tvil om at samanslårte karakterar i hovudmål og sidemål på både vidaregåande og

i ungdomsskulen vil kunne skade nynorsken. I tillegg er det ein del openberre ting politikarane skulle ha teke tak i, til dømes problematikken rundt at digitale lærermiddel og støtteverktøy ikkje er tilpassa nynorsk som undervisningsspråk. At politikarane ikkje skjønar det, synest eg er veldig rart. Ein annan ting eg synest er veldig rart, er at du kan bli lærar på ein nynorsk-skule utan eit einaste papir frå lærarutdanninga på om du er god eller därleg i nynorsk. Diverre er det mange politikarar som ikkje ser kor alvorleg dette er for nynorsk-elevane, ofte fordi dei sjølv kjem frå det sentrale austlandsområdet.

Magne Aasbrenn er likevel klar på at ein ikkje skal dvele for mykje ved nederlag, og at det òg har skjedd fleire positive ting for målsaka på vaka hans.

– Eg synest vi har kome godt ut av kommune- og fylkessamanslåingane, med nynorskvedtaket i nye Ålesund kommune som eit klart høgdepunkt. Og det som ikkje gjekk vår veg, får vi håpe organisasjonen får gjort noko med i åra som kjem.

– Eg er ein mild leiari

Ein ting er å prate med folk. Noko anna er den administrative leiinga av eit styre, som ein leiari òg blir prøvt i. Magne Aasbrenn innrømmer glatt at han er best på det fyriste.

– Det eg er därlegast på – og minst glad i – er dei formelle reglane rundt eit møte. Eg har nok eit litt vel avslappa forhold til det, og tenkjer at praten må få gå litt av seg sjølv når det sit ein gjeng rundt eit bord. Så der har har eg nok framleis ein veg å gå. Eg trur aldri eg har vore ein formelt perfekt møteleiari, for å seie det slik.

Som leiari er ikkje Magne Aasbrenn kjent for å slamre med dørene. Han fortel at han har bruka ein del av erfaringane frå lærarjobben i rolla.

– Eg er nok ein ganske mild leiari. Målet mitt har vore at alle skal bli sett og hørde, i stor grad inspirert av slik eg meiner det bør vere i klasserommet. Eg synest særleg det er viktig å fange opp usemje før det utviklar seg til steile frontar. I tillegg legg eg vekt på å ikkje baksnakke. Eg synest det er ein god regel at det eg seier om ein person, òg skal kunne seiast til han eller ho.

Sjølv om Magne Aasbrenn har trivest godt med å vere mållagsleiari, er han klar på at det er nokre ting det òg blir godt å vere ferdig med.

– Som leiari må eg vere budd på VG ringjer meg når som helst, for å setje det på spissen. Og då vil dei at du skal meine noko om ting du ikkje har fått tid til å setje deg inn i. Og seier du noko dumt, blir mållagsmedlemmene fort konfronterte med det dagen etterpå. Det ansvaret skal det bli godt å sleppe.

Også familien – og særleg kona Marit – set pris på at Aasbrenn skal bli litt mindre oppteken framover.

– Som leiari held eg stort sett fast på vanleg kontortid, men for lokallagsaktivistane våre er jo målarbeid noko som skjer på fritida. Difor blir det ein del telefonar, anten det er på kveldstid eller midt i middagen. Akkurat det trur eg familien min er klar for å bli ferdig med no.

Vil ikkje gje råd

Magne Aasbrenn fyller 65 år i august. Men den som trudde han hadde tenkt å pensionere seg no, må tru om att. Etter litt oppus-

sing på hytta på Saltnes – som Aasbrenn grunna koronarestriksjonane presiserer ligg i hans eigen heimkommune – ber det attende til jobben som lærar ved Frederik II videregående skole til hausten. Og det er ingen fare for at Magne Aasbrenn blir ein sjuande far i huset som ropar frå hornet i tide og utide. Han er svært forsiktig når han blir beden om å gje råd til etterfølgjarane.

– Eg er veldig for å satse på ungdomen, og eg har stor tru på nestleiar Peder (Lofnes Hauge), som valnemnda har innstilt som ny leiari. Så det beste rådet mitt til han og resten av det nye styret må vere å sjå framover, og ikkje leggje for mykje vekt på kva utanforståande måtte mine. Det er dei som har skoen på, som veit kvar han trykker.

Avgangen til Magne Aasbrenn blir ikkje heilt slik avgangar plar vere. Grunna koronasituasjonen blir det planlagde landsmøtet i april utsett til i oktober, og Aasbrenn må vente til dess for blomar og avtakking. Men valet av nytt styre blir truleg gjennomført elektronisk gjennom eit ekstraordinært landsmøte, og 26. april er det difor like fullt slutt. Sjølv om det er litt vemodig, kjenner Magne Aasbrenn seg klar for å setje punktum etter fire år i teneste for målsaka.

– No ser eg fram til å ta av meg den imaginære ryggsekken med hovudsavaret for den politiske stoda for nynorsk. Sjølv om nokre saker ikkje har gått vår veg, synest eg òg vi har fått til mykje. Alt i alt har eg gjort så godt eg kunne, og eg synest ikkje resultatet har blitt så verst.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no

M A R S 2 0 1 9



I SØR: Årsmøte i Mållaga på Agder på Evje i lag med Astrid Myhre (t.v.) frå Vegårshøi og Hilde Stave frå Lista.

Foto: Noregs Mållag

O K T O B E R 2 0 1 9



NYNORSK VERKSEMD: I Molde antikvariat og ymseri, som blir drive av Jon Peder Vestad, under nynorskstafett på Nord-Vestlandet.

Foto: Noregs Mållag



Foto: Kjartan Hellwe

TRE OM MAGNE

Peder Lofnes Hauge, nestleiar i Noregs Mållag

Eg har vore så heldig at eg har fått sitje i mållagsstyret alle dei fire leiaråra til Magne. Ivar Aasen sa ein gong at eit godt år er stutt, medan eit vondt er alltid for langt. Dette har vore fire stutte år. Magne har vakse seg tryggare for kvar einaste radio- eller fjernsynsdebatt. Han har ein inkluderande leiarstil, han lyttar når andre snakkar, og endrar rett som det er meining – om berre argumenta er kvasse nok. På dei mange reisene sine har han møtt lokale målfolk og nynorskaktivistar, og eg trur alle som har fått Magne på vitjing, kan skrive under på at han verkeleg ser dei han møter, at han tar folk på alvor – og at han som regel er den blidaste i rommet. Det er godt å vere saman med Magne Aasbrenn. Takk for innsatsen som mållagsledær, Magne!

Per Magnus Finnanger Sandmark, direktør i Nynorsk kultursentrum

Magne og eg møttest på Fredrikstad stasjon då eg var sjenerert tenåring og han, som alltid, var entusiastisk lektor. Entusiasmen smitta og vips var det eit målungdomslag i Østfold. I Aukruståret 2020 kan eg peike på likskapen med Solan. På Wikipedia står det at han «er morgenfugl, nonchalant og vart ruga ut av eggjet i eit ospetre nær Glåma. Han er evig optimist.» Om det var ei osp veit eg ikkje, men at denne morgenfuglen har skapt optimisme for nynorsk, er eg viss på.

Lisa Alvestad, leiar i Borgund Mållag

I 2019 var det politisk strid om nynorsk i Ålesund. Magne følgde meg tett opp i arbeidet gjennom hundrevis av meldingar, timevis med telefonsamtaler og fleire besøk til Ålesund. Han har god humor, oppdaga eg. Ein sein kveld berre dagar før målvedtaket skulle gjerast, sat eg på båten heim frå eit politisk møte, då han ringde for å få siste nytt. Eg melde at eg kunne ikkje svare fordi eg sat i lag med nokre av motstandarane i «språkstriden». Då fekk eg kjapt ei melding tilbake: «Hiv dei på sjøen».

Valnemnda si innstilling til styre 2020–2022



Foto: Noregs Mållag



Foto: Ole Gunnar Djebvik



Foto: Jo Straube

LEIAR: PEDER LOFNES HAUGE (f. 1989). Frå Gloppen, bur i Bergen. Hauge er utdanna grunnskulelærar, men har dei siste seks åra arbeidd som politisk rådgjevar for bystyregruppa i Bergen Venstre og som rådgjevar for sosialbyråd og seinare finansbyråd Erlend Horn (V). Peder Lofnes Hauge har sete i styret i Noregs Mållag sidan 2016 og vore nestleiar sidan 2018.

NESTLEIAR: SYNNØVE MARIE SÆTRE (f. 1990). Frå Ørsta. Sætre er lærar i norsk og historie ved Ulstein vidaregåande skule og har tidlegare arbeidd som formidlar i Aasentunet. Ho har brei røynsle frå målrørsla og har mellom anna vore leiar i Norsk Målungdom og sete i fagrådet for Nynorsksenteret. Sætre er vara for SV i kommunestyret i Ørsta.

STYREMEDLEM: ELLINOR BERGLI BUSTAD (f. 1970). Frå Viggja. Bustad arbeider som lærar ved Skaun ungdomsskole. Ho er lektor med tilleggsutdanning og har master i kunstkritikk og kulturformidling. Bustad har hatt fleire verv i målrørsla og representerer SV i kommunestyret og formannskapet i Skaun.



Foto: Høgre



Foto: Adam Petrzak / NRK



Foto: Mariam Butt / NTB scanpix

STYREMEDLEM: ANDERS RIISE (f. 1969). Frå Hareid. Riise er gruppeleiar for Høgre i fylkestinget i Møre og Romsdal, vara til Stortinget og har tidlegare vore ordførar i Hareid frå 2011-2019. Han er utdanna paramedic og har vore dagleg leiar for ambulansetenesta. Riise har sete som vara/styremedlem i styret i Noregs Mållag sidan 2018.

STYREMEDLEM: INGER JOHANNE SÆTERBAKK (f. 1981). Frå Orkdal, bur i Oslo. Sæterbakke arbeider som språkkonsulent på Det Norske Teatret og har tidlegare vore journalist og kommunikasjonsrådgjevar i fleire år. Ho har brei organisasjonserfaring både i og utanfor målrørsla. Sæterbakke har sete i styret i Noregs Mållag sidan 2016.

STYREMEDLEM: KJETIL AASEN (f. 1978). Oppvaksen i Oslo og Fredrikstad, busett i Oslo. Aasen arbeider som protokollsekretær i Högsterett. Han er utdanna jurist og språkvitar og har tidlegare arbeidd med språkrådgjeving og språkpolitiske saker i Språkrådet og Kulturdepartementet. Kjetil Aasen har hatt fleire tillitsverv i målrørsla.

1. VARA: BJØRN SELJEBOTN

(f. 1952). Frå Stordal på Sunnmøre, bur i Bø i Telemark. Seljebotn er pensjonert lektor frå Bø vidaregåande skule, der han underviste i norsk, informatikk og religion. Han er gründer av firmaet Nynodata, som utviklar omsetningsprogram og anna nynorskrelatert programvare for offentleg sektor. Bjørn Seljebotn har vore aktiv i lokallagsarbeid i målrørsla i mange år.

2. VARA: BIRGITTA LIM ERSLAND

(f. 1989). Frå Bergen, busett i Oslo. Ersland arbeider som kommunikasjonsrådgjevar i Oslo Taxi. Ho er utdanna historikar og statsvitar og har tidlegare arbeidd på Republikken Koreas ambassade i Oslo. Birgitta Lim Ersland har hatt fleire verv i målrørsla, mellom anna som sentralstyremedlem i Norsk Målungdom, og har sete som vara i styret i Noregs Mållag sidan 2016.

3. VARA: REIDUN RAMSE SØRENSEN:

(f. 1952). Frå Åmli, bur på Gran på Hadeland. Sørensen har mellom anna arbeidd med utvikling av innfordringssystemet for pengekrav i Skatteetaten. Med få unntak har ho leia Hadeland dialekt- og mållag sidan 2003. Sørensen er vara til fylkestinget for Arbeidarpartiet.

4. VARA: ØYSTEIN SKJÆVELAND

(f. 1968). Frå Stord, bur i Kvinnherad. Skjæveland driv ein liten gard med iskremproduksjon. Han er utdanna journalist og naturvitar og har tidlegare arbeidd som skribent og redaktør. Øystein Skjæveland har hatt fleire verv i målrørsla gjennom mange år og sit mellom anna i juryen for Nynorsk næringslivspris.

Tilsette strevar med nynorsk i nye fylkeskommunar

Fleire tilsette strevar med å skrive god nynorsk etter samanslåinga av **Vestfold og Telemark**, skriv NRK.

STIKKPRØVER NRK HAR gjort i den offentlege postlista til Vestfold og Telemark fylkeskommune, viser at fleire strevar med nynorsk etter samanslåingane.

– Eg har fått brev med mange fleire feil. Ikkje berre frå denne fylkeskommunen, men også frå andre offentlege etatar, seier landbruks- og næringsrådgjevari i Åmli kommune Kari Olstad til NRK. I eitt brev fann ho om lag 30 feil.

Vestfold og Telemark er språknøytral, og medan tidlegare tilsette i Telemark har skrive nynorsk i mange år, er det uvant for dei fleste frå Vestfold.

Språkrådet har merka ein auke i etter-spurnad etter språkkurs etter regionreforma. Språksjef Åse Wetås meiner målet bør vere at dei som jobbar i det offentlege, skal kjenne seg både trygge og kvalifiserte, men legg òg til at det er ei treningsakk.

Kommunikasjonsleiar Tom Holen i Vestfold og Telemark fylkeskommune heiar på alle som skriv nynorsk og fortel at dei har vore i kontakt med Språkrådet og Mållaget for å få gode råd. Fylkeskommunen jobbar med ein språkplan der kurs og anna opplæring skal vere ein del av planen.

NPK



Siste om Norsk språkhistorie

NT INNEGG

Sverre Stausland Johnsen svarar i Norsk Tidend 1-2020 på merknadane våre i Norsk Tidend 5-2019 til den omtalen han gav i første bindet av Norsk språkhistorie i eit storoppslag i nummeret før av same avis. Vi finn ikkje noko fagleg nytt i det han skriv i siste nummer – utover at han uttalar seg om kva tilhørslegenitiv er. Det er uansett ei avsporing med tanke på utsegnene hans i første oppslaget.

Dermed ser vi ingen grunn til å føre dette ordskiftet i Norsk Tidend vidare. Derimot kjem det eit langt svar i neste nummer av Norsk lingvistisk tidsskrift på den meldinga som Johnsen hadde der i 2019 av bind I (Mønster) i Norsk språkhistorie, og som var utgangspunktet for NT-oppslaget. Der blir òg tilhørslegenitiven forklart. Neste nummer av dette tidsskriftet kjem truleg før sommarferien. Fram til då kan dei interesserte lese den nye Norsk språkhistorie I-IV (2016-18) – og gjerne òg Norsk Målsoga (1951, ny utgåve i 2001).

Helge Sandøy og Agnetha Nesse, hovudredaktørar for Norsk språkhistorie

NY LEIAR I SUNNMØRE MÅLLAG: Lisa Alvestad er vald til ny leiar i Sunnmøre Mållag.

– For Sunnmøre Mållag er det svært viktig å følgje saka om nynorsk i Ålesund. Ålesund kommunestyre vedtok at Ålesund skal vere ein nynorskkommune. Det var eit historisk vedtak. At Ålesund blir ein solid nynorskkommune, er viktig for nynorskens på heile Sunnmøre og for resten av Noreg, seier Lisa Alvestad.

NAUMDØLA MÅLLAG ER BLITT LOKALLAG: Mållaget har siste åra hatt 19 fylkesmållag. Eitt av desse har vore Naumdøla Mållag som har vore fylkesmållag for lokallaga i Namdalens. No har desse tre lokallaga slått seg saman til eitt lokallag. Det er **Martha Krossbakken** som leiar det nye lokallaget i Noregs Mållag.

NORDMØRE MÅLLAG HAR FATT NY LEIAR: Ingrid Kjønnøy skal leie Nordmøre Mållag. Det nye styret har følgande medlemmar: **Nils Ulvund, Marianne Følvik, Øystein Hjelle Bondhus og Dordi Kjersti Mogstad**. Vara til styret: **Astrid Sæter, Nils Bjørsvik og Nils Fløystad**.

FOLKEMUSIKARAR FÅR MÅLPRIS: Nordmøre Mållag har gjeve Målprisen 2019 til **Gro Kjelleberg Solli** og **Unni Boksasp**. Dei får prisen for musikken sin og for innsatsen med CD-en til boka «Enno så segla ho Magnill». Dei song inn songane og var med på produksjonen. Begge har i mange år vore dei fremste formidlarane av den nordmørske folkemusikktradisjonen. Sjølvé målprisen er eit diplom og eit keramikkfat laga av **Sigrun Hesjehagen**.

GÅR AV ETTER 15 ÅR: Ragnhild Lier har gått av etter 15 år som leiar i Sarpsborg Mållag. Den nye leiaren heiter Ola Sørensen. Han er lektor i norsk på Ski videregående skole.

– Eg ynskjer å halde fram med det gode mål-arbeidet Lier har fått til som leiar. Samstundes vil eg arbeide for at Mållaget skal vere ei tydeleg stemme i lokale språkspørsmål om både sidemål og den flotte Østfold-dialekta, seier Ola Sørensen i ei pressemelding frå laget.

NYNORSKPRISS TIL VIGDIS KROKEN: Lom og Skjåk dialekt- og mållag sin nynorskpris 2020 gjekk til **Vigdis Kroken**, melder avis Fjuken. Prisvinnaren arbeider i avis som journalist.

– Det er ingen annan nynorskskribent i Lom og Skjåk som har nådd ut til så mange, så ofte og over så lang tid, som det du har, sa **Elin Husom Slålien** i Lom og Skjåk dialekt- og mållag. Ho overraska Vigdis Kroken med nynorskprisen for 2020.

– Eg er svært takksam for prisen, både på vegner av Fjuken og meg sjølv. Nynorsk er ein svært viktig del av kulturarven og identiteten vår, så det er klart vi skal skrive nynorsk! Det gler meg stort at nynorskstår så sterkt i bygdene våre, seier Vigdis Kroken.



BILETEKST: Det nye styret i Sunnmøre Mållag. Frå venstre: Magnar Storøy, Martine Rørstad Sand, Lisa Alvestad, Marit Aklestad og Ingebjørg Røyrhus Øyehaug.

Foto: Hege Lothe

TRE LAG BLIR EITT: Nye Sogndal kommune er eit resultat av at Balestrand kommune, Leikanger kommune og Sogndal kommune har blitt éin kommune. No har dei tre mållaga slått seg saman til eitt lag. Det nye laget heiter Sogndal Mållag og har fått **Kirsti Lunde** som leiar. Sogndal Mållag har no 218 medlemer og er klart det største lokallaget i Sogn og Fjordane Mållag.

NY HEIDERSMEDLEM I VOSS MÅLLAG:

Johannes Gjerdåker er utnemnd til ny heidersmedlem i Voss mållag. Lokalhistorikaren og forfattaren Johannes Gjerdåker har vore leiar for Voss mållag i to omgangar frå 1978-79 og i 1991-93. Han var også styremedlem i fleire år.

– Han har skrive mykje lokalhistorie, han har hatt ei fast spalte i Hordaland, har skrive eigne dikt og omsett dikt frå engelsk, tysk, latin, islandsk og persisk. I alt dette har han vist seg som stø skribent, med stor språkkjensle og rikt ordtilfang, fortel **Eirik Helleve**, leiar i Voss mållag. Johannes Gjerdåker fekk Voss kommune sin kulturpris i 1992. For gjen-diktningane har han fått Bastianprisen i 1997, Mel-somprisen i 1999 og Kritikarprisen i 2006.

GRATIS RUSSEMERKE: Kvinnherad Mållag har vore på Kvinnherad videregående skule og delt ut gratis strykemerke til russen.

– Eg vel alltid nynorsk over bokmål, og tykkjer nynorsk er veldig kult, seier **Synne Haavik**, ein av årets russ til Kvinnheringen.

TWITTER-KONKURRANSE I KRISTIANSAND: Mållaget i Kristiansand skipa i vinter til twitternovellekonkurranse for vidaregåandelever. Tre vinnarar, alle frå Kristiansand katedralskole, vart heidra under utdelinga i slutten av januar.



GLADE VINNERAR OG JURYMEDLEMMER I KRISTIANSAND: Frå venstre: **Vibeke Lauritsen** (jurymedlem), **Ge Zhang** (førstepris), **Sylfest Lomheim** (jurymedlem), **Andrea Eikeland** (andrepris), **Daniel Liestøl** (tredjepris) og **Svein Stettan** (jurymedlem).

Råblå

BLÅMUGGOST FRÅ GRINDAL YSTERI

Forteljinga om Grindal handlar om søstrene som ikkje ville flytte heim frå setra. Så vart det til at dei tok over kvar sin gard og fekk bygd seg eit ysteri.

Grindal ysteri er eit økologisk handverksysteri, som med varsemd foredlar rå ku- og geitmjølk til små og store smakfulle ostar.

Råblå er ein av dei. Han vann VM-gull i 2018 og vart kåra til årets ost i Det Norske Måltid 2018.

Om smaken: «Heftig dåm av rå mjølk, moden høy, algar og syrlege tonar – kompleks, men snill. Munnkjensla er krema, med

tydelege krystallar. Smaken har ei sötleg opptakt, med gode muggonar, saltbalanse og frisk aroma. Smakane smeltar i hop, og er mildare enn ein kunne venta seg. Smakar lenge.»

